



Karl Gustav Hella  
Radøyvegen 2083  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4141 - 22/46604

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
16.06.2022

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 433/103 Hella**

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 433/103  
Tiltakshavar: Karl Gustav Hella

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.05.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er brukt feil søknadsskjema. Skjemaet er også uklart utfyllt. Du kan bruka vedlagte skjema for søknad om deling.
2. Det er ikkje lagt ved situasjonsplan. Det må leggjast ved eit kart der du teiknar inn grensene for parsellen du søker frådelt. Kart finn du her: [Nordhordlandskart](#)
3. Søknaden er ikkje nabovarsla slik lova krev. Informasjon om nabovarsling finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#)

Om du har spørsmål kring utfylling av søknaden kan du ta kontakt med Byggjesaksvakta i Alver kommune for rettleiing. Tlf. 56375000.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

#### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

skjema-soknad\_rekvisisjon-\_alver-til-utfylling

### **Mottakarar:**

Karl Gustav Hella

Radøyvegen 2083

5936

MANGER